



# Retningslinje for tildeling av kvardagsrehabilitering

Gjeld frå 1. januar 2020



**ALVER**  
KOMMUNE



## **Innhold**

1. Formål med retningslinja .....	2
2. Definisjonar .....	2
3. Mål med kvardagsrehabilitering .....	2
4. Målgrupper for kvardagsrehabilitering .....	2
5. Kriteria for tildeling .....	2
5. Kriteria for avslag .....	3
6. Vedtak .....	3
7. Iverksetting .....	3



## 1. Formål med retningslinja

Retningslinja fastsett målgrupper for kvardagsrehabilitering og kriteria for tildeling.

## 2. Definisjonar

Kvardagsrehabilitering er eit tidsavgrensa og intensivt opptreningstiltak. Eit tverrfagleg team kartlegg behov og set mål for treninga saman med søkar. Teamet jobbar saman med søkar om å nå måla.

Kvardagsrehabilitering vert gitt som del av tenestene heimesjukepleie (HSP) og heimehjelp (HJT).

## 3. Mål med kvardagsrehabilitering

Tiltaket skal:

- a) Auke livskvalitet og meistring av kvardagsaktivitetar for heimebuande.
- b) Redusere og utsetje behov for meir omfattande kommunale tenester.

## 4. Målgrupper for kvardagsrehabilitering

Tiltaket er meint for:

- a) Dette er aktuelt for deg som opplever at kvardagslege aktivitetar byrjar å bli utfordrande og vanskeleg å meistre. Nye brukarar som ikkje har hatt tenester (HSP/HJT) før eller brukarar som ikkje har hatt slike tenester over noko tid.
- b) Brukarar som har behov for tett oppfølging i ein overgangsperiode og som treng tverrfagleg innsats.
- c) Pasientar som vert skriven ut frå sjukehus og frå korttidsopphald i sjukeheim.
- d) Brukarar i heimetenesta som får behov for auka tenester.

## 5. Kriteria for tildeling

Søkar må oppfylle vilkår for å tildelt heimesjukepleie eller heimehjelp, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a andre ledd og helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 nr- 6 a) eller b).

Søkarar må også vere i målgruppa for tiltaket og følgjande kriterium må vere innfridd:

- a) Søkar sin fysiske funksjon er blitt redusert akutt eller gradvis pga. sjukdom, brot og liknande. Søkar har på grunn av redusert funksjon vanskar med å meistre minst ein kvardagsaktivitet.
- b) Funksjonsendringa i pkt. a) må som hovudregel ha skjedd i løpet av det siste halvåret rekna frå søknadstidspunktet. Unntaksvis kan brukarar med redusert



funksjon utover det siste halvåret få kvardagsrehabilitering dersom andre kriterium er oppfylt og gjennomføring av tiltaket vert vurdert som føremålstenleg, jf. pkt. 3.

- c) Søkjar ønskjer å ta opp att kvardagsaktivitetar i heimen eller i nærmiljøet.
- d) Søkjar er motivert for å gjere ein eigeninnsats for å trene opp det han/ho tidlegare har meistra, for å greie seg sjølv i størst mogleg grad.
- e) Søkar kan forstå og gjere seg forstått, og ta instruksjon og følgje eit enkelt program med øvingar.
- f) Tenesteytar har kapasitet til å gjennomføre tiltaket.

## **5. Kriteria for avslag**

Kvardagsrehabilitering er som hovudregel ikkje egna for brukarar som oppfyller ein eller fleire av kriteria under:

- a) Søkar har behov for enkelttiltak/behandling, som ikkje krev tverrfagleg innsats.
- b) Søkar kan sjølv gjennomføre trening utan bistand frå helse- og omsorgstenesta.
- c) Søkar er venta å greie seg sjølv utan rehabilitering.
- d) Søkar er ikkje samtykkekompetent.
- e) Søkar har alvorlege sjukdomar som er permanent eller i forverring, eller livet går mot slutten.
- f) Søkar har langt kommen kognitiv svikt.
- g) Søkar har alvorleg psykisk sjukdom.
- h) Søkjar har alvorleg rusmiddelavhengigheit.
- i) Søkar er i behov for rehabilitering i institusjon.

## **6. Vedtak**

Forvaltningskontoret gjer vedtak om tildeling av rehabiliteringsopphald på døgnbasis etter denne retningslinja.

## **7. Iverksetting**

Denne retningslinja gjeld frå 1. januar 2020.